

Rapport om målbruk i offentlig teneste 2018

Innhold

Om rapporten.....	3
Forklaring til statistikken	3
Resultat frå underliggjande organ.....	3
Nettsider.....	4
Korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider).....	4
Sosiale medium	5
Skjema	5
Førespurnader om moglege brot på mållova.....	6
Resultat frå departementa.....	6
Dokument under 10 sider	7
Dokument over 10 sider.....	7
Stortingsdokument.....	8
Sosiale medium	9

Om rapporten

Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan og gir rettleiing i saker som gjeld *lov om målbruk i offentlig teneste* (mållova). Sentrale statsorgan pliktar etter denne lova å veksle mellom bokmål og nynorsk i allment informasjonstilfang slik at ingen av målformene er representerte med mindre enn 25 prosent. Vekslingskravet er slått fast i paragraf 8 i mållova og paragraf 6 i *forskrift om målbruk i offentlig teneste*.

Dette er det statistiske oversynet over fordelinga mellom bokmål og nynorsk i staten i 2018. Statistikken er ført på grunnlag av eigenrapportering frå statsorgan til Språkrådet og gjeld sentrale statsorgan, dvs. statsorgan (direktorat, tilsyn, universitet og høgskolar m.m.) som har heile landet som tenestekrins. Målbruken i departementa er omtalt i eit eige kapittel.

Alle sentrale statsorgan skal levere målbruksrapport til Språkrådet, men ikkje alle oppfyller denne plikta. For 2018 bad vi om tal frå 161 statsorgan. Denne rapporten er bygd på svara frå 110 av dei. I tillegg inneheld rapporten tal frå 15 av dei 16 departementa. Statsministerens kontor er inkludert.

Forklaring til statistikken

Dei sentrale statsorgana rapporterer i faste kategoriar i eit skjema som Språkrådet og Kulturdepartementet har utarbeidd, og leverer tal for kategoriane nettsider, tekstar under 10 sider, tekstar over 10 sider, sosiale medium og skjema. I alle kategoriane utanom skjema er føremålet å finne ut i kva grad statsorgana etterlever det lovpålagde vekslingskravet på 25 prosent. Skjema skal etter paragraf 8 i mållova liggje føre på både bokmål og nynorsk. I denne kategorien rapporterer statsorgana inn kor mange skjema dei har i alt, og kor mange som er tilgjengelege i begge målformene.

Språkrådet og Nasjonalbiblioteket samarbeider om ei modernisering og forenkling av rapporteringsmetoden, på oppdrag frå Kulturdepartementet. Vi veit at dette vil vere velkome i statsforvaltninga.

Tilsynet med målbruken i departementa vart overført til Språkrådet frå Kulturdepartementet i 2015, med verknad frå og med rapporteringsåret 2014. Dette er såleis det femte året Språkrådet behandlar tala frå departementa.

Departementa rapporterer i kategoriane dokument under 10 sider, dokument over 10 sider, stortingsdokument og sosiale medium.

Vi tek atterhald om feilføringar og feilrapporteringar i statistikken.


Resultat frå underliggjande organ

I statistikken for underliggjande organ er prosenttala rekna som vanleg (aritmetisk) gjennomsnitt. Det inneber i praksis at gjennomsnittsutrekninga ikkje tek omsyn til at ulike nettstader har ulik tekstmengd.

Nettsider

På ein gjennomsnittleg statleg nettstad vart det i 2018 nytta 14,8 prosent nynorsk. Samanlikna med tala for 2017 viser 2018-rapporteringa ein svak nedgang i bruken av nynorsk på nett.

Nettsider er den mest usikre kategorien å måle veksling i, men tala som er innrapporterte til statistikken, søka til Språkrådet og den konkrete oppfølginga med kvart organ gir til saman eit godt bilde av stoda. Målbruken på statlege nettsider ligg framleis langt under vekslingskravet.




Figur 1: Nynorskdelen på statlege nettstader, i prosent.

Korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider)

Rapporteringskjemaet skil mellom kategoriane «korte tekstar 1–10 sider» og «tekstar over 10 sider». Begge kategoriane inneheld ein god del sentrale publikasjonar av ulik lengd, til dømes stillingsannonser i den eine kategorien og årsrapportar i den andre. Ein del statsorgan oppfyller krava i desse kategoriane.

Prosenttala viser eit gjennomsnitt på 20,6 prosent nynorsk i korte tekstar og 16,0 prosent nynorsk i dei lengre tekstane til statsorgana, samanlikna med 19,2 prosent nynorsk i korte tekstar i 2017 og 16,5 prosent nynorsk i lengre tekstar same året. Bruken av nynorsk i kortare tekstar ser altså ut til å ha gått noko opp i 2018, medan bruken av nynorsk i lengre tekstar ikkje har endra seg nemnande.




Figur 2: Talet på statsorgan som oppfyllte krava i mållova i korte tekstar (1–10 sider) og lengre tekstar (over 10 sider). Merk at talet på statsorgan som leverer rapport, varierer noko.

Sosiale medium

I gjennomsnitt publiserte statsorgana 12,9 prosent av meldingane sine på nynorsk i sosiale medium i 2018, mot 14 prosent året før. Meldingar og nyheiter i sosiale medium når ut til eit breitt publikum. Det er difor særleg viktig for måljamstillinga at vekslinga i denne kategorien er jamn.


Språkrådet har tidlegare sett at mange statsorgan ikkje har vore klar over at mållova også gjeld for sosiale medium. Vi ser òg at målbruken i statstenesta i stor grad er personavhengig. Dette gjer språkarbeidet sårbart.



Figur 3: Nynorsk i sosiale medium, i prosent.

Skjema

2104 av 3966 innrapporterte skjema låg føre i begge målformene i 2018. Dei fleste av skjemaane som ikkje gjorde det, mangla på nynorsk. Talet på innrapporterte skjema varierer mykje frå år til år, og det er truleg ein del feilrapportering. Dei store svingingane i denne kategorien må sjåast i lys av dette.




Figur 4: Skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent.

Førespurnader om moglege brot på mållova

Språkrådet fekk i alt 53 førespurnader om brot på mållova i 2018. Av desse gjaldt 24 eksamen i feil målform. Til samanlikning fekk vi 60 førespurnader i 2017. 35 av desse kom i etterkant av eksamensavviklinga ved universitet og høgskolar.

Språkrådet har grunn til å tru at dei aller fleste brot på mållova ikkje blir rapporterte eller klaga på. Talet på saker er lågt og varierer rett mykje frå år til år. Vi trur likevel ikkje det reelle talet på brot varierer i like stor grad, men snarare talet på klagarar.



Figur 5: Talet på førespurnader om moglege brot på mållova.

Resultat frå departementa

Fram til 2015 førte Kulturdepartementet målbruksstatistikken for departementa og målte i si tid berre vekslinga mellom nynorsk og bokmål i dokumentkategoriar. Dette er femte gongen Språkrådet behandlar rapportane til departementa, og fjerde gongen vi inkluderer målbruken i sosiale medium. Nettstaden regjeringa.no er ikkje med i statistikken. Statistikken for departementa viser prosenten som vekta gjennomsnitt.


Tala frå departementa for 2018 viser ein god auke i bruken av nynorsk i kategorien for kortare tekstar. Betre medvit og informasjon om kva lovverket krev, kan vere medverkande årsaker til den auka bruken av nynorsk i korttekstane til fleire departement.

Vi ser samstundes ein kraftig nedgang i bruken av nynorsk i dei lengre dokumenta til departementa, og nedgangen gir grunn til uro. På berre fire år har talet gått frå 15,8 prosent nynorsk (2015) til rekordlåge 3,2 prosent nynorsk i 2018. Vi kjenner ikkje årsaka til den svake vekslinga mellom målformene i denne kategorien. Nynorskauken i andre tekstkategoriar er ikkje stor nok til at meirarbeid her skulle ha stole arbeidskraft frå andre område. Vi minner om at det er eit leiaransvar, for både politisk og administrativ leiing i departementa, å syte for å etterleve reglane i mållova om veksling mellom målformene.

Departementa bør vere medvitne om det ansvaret dei har for organa dei har under seg i hierarkiet. Språkrådet ser fleire stader samanheng mellom dårlege resultat hjå departement og tilhøyrande underliggjande organ.


Dokument under 10 sider

Nynorskbruken i dokument på under 10 sider var i 2016 på 13 prosent. Rapporteringa viser at bruken av nynorsk har auka til 19,4 prosent i 2018, via 17 prosent i 2017. Resultatet er likevel framleis eit stykke unna lovkravet om minst 25 prosent av kvar målform, men utviklinga er god.



Figur 6: Nynorsk i dokument under 10 sider hjå departementa, i prosent.

Dokument over 10 sider




Figur 7: Nynorsk i dokument over 10 sider hjå departementa, i prosent.

Statistikken viser at bruken av nynorsk i dokument på over 10 sider har gått kraftig attende dei siste åra, med eit stort sprang frå 9,1 prosent til 3,2 prosent på berre eitt år.

Året 2015 gav ein nynorsk topp på 15,8 prosent, og mykje av auken den gongen skreiv seg frå teksttilfang knytt til kommunevalet i 2015. Kan hende vil neste års statistikk vise ein tilsvarande positiv auke.

Stortingsdokument



Figur 8: Nynorsk i stortingsdokument, i prosent.


Stortingsdokument, som omfattar proposisjonar og stortingsmeldingar, er den kategorien der departementa samla sett har pleidd å ha den jamnaste vekslinga. Sett under eitt har departementa vore nær ved å oppfylle krava i mållova dei siste åra. I 2012 nådde dei målet om meir enn 25 prosent nynorsk.

Talet for 2015 var på under 20 prosent, og talet for 2016 var endå lågare (16,8 prosent). 2017 viste betre jamstilling, med 20 prosent nynorsk i stortingsdokumenta, og talet for 2018 er endå høgare: 22,5 prosent. Departementa er med andre ord igjen svært nær ved å nå vekslingskravet samla sett.

Variasjonen er likevel stor frå departement til departement. Fleire departement som tidlegare har vist god målveksling, har grunn til å gå gjennom rutinane sine for målbruk på nytt.

Sosiale medium

Departementa rapporterte om berre 4 prosent nynorsk i sosiale medium i 2015. På bakgrunn av tala frå 2018 ser vi at bruken av nynorsk i denne kategorien no har stige til 14,5 prosent. Dei aller fleste departementa nyttar både Facebook og Twitter. Bokmål er framleis dominerande, og mange nyttar dessutan heller engelsk enn nynorsk, men vi håpar den positive utviklinga vi meiner å sjå, held fram i åra som kjem.



Figur 9: Nynorsk i sosiale medium, i prosent.